



DEN NORSKE KYRKJA Norum Sokneråd

Årsmelding for Norum sokneråd 2019

Sokneråd 2016-2019

Rønnaug Dahl, leiar og medlem i fellesrådet

Agnar Nornes, nestleiar og vara til fellesrådet

Edith Flatland, medlem

Heidi Fondenes, skrivar og vara til diakoniutvalet

Anne Marit Venes, medlem, og medlem i diakoniutvalet og tol-utvalet

Per Henrik Hjelmeseter, medlem og dognadskoordinator

Gunnborg Y. Lyngset, 1. vara, kasserar og vara til TOL-utvalet

Vegard Bondevik Lie, sokneprest og fast medlem

Varamedlem:

Ellen Kristin Njøs Slinde

Per Magne Fimreite

Sollaug Boge Ølmheim

Gunn Kjersti Bårdgard

Revisorar: Svein Ølmheim og Bjørg Ølmheim

Redaksjonsnemnd for kyrkjelydsbladet: Gunn Kirsten Fondenes

Norum sokneråd 2019-2023 nytt styre

Magne Ahlin, leiar og medlem i fellesrådet

Gunn Kjersti Bårdgard, nestleiar og varamedlem i fellesrådet

Heidi Fondenes, skrivar og vara diakoniutvalet

Gunnhild Øvretun, kasserar og medlem av diakoniutvalet

Sigrid Mari-Ann Brusegard Hovden, styremedlem og medlem av trusopplæringsutvalet

Vegard Sætre, styremedlem og dognadskoordinator

Rune Haug, fyrste vara og vara til trusopplæringsutvalet

Vegard Bondevik Lie, sokneprest Norum og Leikanger sokn

Varmedlem:

Rune Haug

Tordis Slinde

Gerd Margot Aasen

Per Magne Fimreite

John Lidal

Revisorar: Svein Ølmheim og Bjørg Ølmheim

Kontaktperson for kyrkjelydsbladet: Rønnaug Dahl

Kontaktperson for kyrkjecaffien: Rønnaug Dahl

Soknerådsmøte

Det fyrste soknerådsmøtet i 2019 var 17. januar heime hjå Edith Flatland. Det har vore åtte soknerådsmøter, fem hjå Edith og eit i kyrkjelydshuset, to i Ølmheim kyrkje; det eine eit felles møte for det gamle og nye soknerådet saman, og eit på Slinde hjå Magne Ahlin for det nye soknerådet. Det gamle soknerådet har handsama 26 saker, og det nye fire saker, til saman 30 saker i 2019.

Kyrkjelydsfest

Den årlege kyrkjelydsfesten gjekk av stabelen 3. mars i Nortun. Det var godt frammøte, og soknerådet med gode hjelparar, hadde ordna med flotte smørbrød, kaffi og blautkaker.

Fjorårskonfirmantane var med og serverte, sokneprest Vegard Bondevik Lie og årets konfirmantar dramatiserte dagens tekst, Oddbjørn Ramstad spela og Norum songlag tok del med fin song.

Fasteaksjon

Konfirmantane var med på dør-til-dør-aksjon for Kirkens Nødhjelp den 9. april, og det kom inn 8934,- kroner.

Tårnagentsamling

Laurdag 19. oktober var det tårnagentsamling for Kaupanger, Stedje, Norum og Leikanger sokn i Ølmheim kyrkje. Det var 25 ungar og 12 medhjelparar. Ungane fekk vera med på ulike aktivitetar som labyrinth, laserhinderløype, mysterium, skattejakt, og dei fekk komme opp i tårnet. Tårnagentane fekk servert pizza og saft i midtgangen. Trusopplærar Birte Husum

hadde opplegg og ansvar for gjennomføringa saman med prest Vegard Bondevik Lie. Frå Norum sokn var Cristina Sandor kyrkjetenar og frivillig Rønnaug med.

Plan for diakoni

På byrjinga av året hadde me ein ny gjennomgang av diakoniplanen for Norum sokn, og vedtok i samarbeid med diakon Gitte Torstad ny og revidert plan for 2019. Planen bygger på dei oppgåvane som har vore utført i soknet tidlegare, og fordeler tiltak, tid og ressursar.

Dugnad

Vårdugnad: Rydding av reiskapsrom, raking og anna vedlikehald 25. april.

Blomsterhelsing til dei som er 80 og eldre: Det var 28 personar over 80 år som fekk blome frå soknerådet til bursdagen sin i 2019. Både soknerådsmedlemer og andre frivillige deltek i besøka.

Kyrkjekaffi: Me har fire kaffi-komitear beståande av frivillige i soknet, ikkje minst på Fimreite, som steller i stand kyrkjekaffi og noko attåt.

Basar for Stedjetunet: Norum sokneråd deltok med bakst og kjøkkenteneste på basaren til inntekt for Stedjetunet.

Kyrkjeskyss: Ordninga med kyrkjeskyss held fram, men har vore lite brukt. Me vil oppmøde folk om å bruke ordninga.

Femtiårskonfirmantar

Nytt av året var at alle sokna Norum, Kaupanger og Stedje heldt felles gudsteneste for 50-årskonfirmantane i Ølmheim kyrkje. Denne gudstenesta vil gå på omgang mellom sokna frå og med 2019.

Minneord

Den ryddige og flinke kasseraren vår, og eineståande medmenneske, Gunnborg Y. Lyngset, skulle ha vore med på samlinga for 50-årskonfirmantane, men var for sjuk til å delta. Ho døydde ikkje lenge etter dette, og let etter seg eit stort sagn for soknerådet og for alle som kjende og var glad i ho. Me lyser fred over minnet.

Kyrkjevalet

Mykje av møtetida og tid utanom har gått med til å læra om, og gjera klart til kyrkjevalet hausten 2019. Valkomiteen gjorde ein god jobb, og me kunne ynskja det nye soknerådet velkommen til fyrste møte 17. oktober i Ølmheim kyrkje saman med det gamle soknerådet.

Nytt i kyrkja: Ny løpar i midtgangen i Ølmheim kyrkje

Etter grundig førarbeid og nøyne fargeval har me no fått på plass ein flott ny golvløpar betalt av gaver gjeve til kyrkja. I det gamle soknerådet var det særskilt to som arbeidde med dette prosjektet og som fortener æra for at løparen kom på plass, nemleg Rønnaug Dahl og Gunnborg Y. Lyngset.

Port på øvste kyrkjegarden

Den stilege smijarnsporten på øvste kyrkjegarden som hindrar fri ferdsel av køyrety og dyr, og vernar kyrkjegarden er sett opp igjen.

Parkering

Fellesrådet arbeider ilag med kommunen for å få på plass parkering for kyrkja på branntomta over den nedste kyrkjegarden.

Gudstenester

Søndag 3. februar kl.11.00: Gudsteneste, utdeling av bibel til 11-åringar. Vegard Bondevik Lie, Cristina Sandor og Arild Slinde. Tekstlesar Gunn Haugen. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi og kyrkjevert, Edith Flatland

Søndag 3. mars kl.18.00: Kyrkjelydsfest i Nortun. Vegard B. Lie, fjarårskonfirmantar, Norum songlag med Oddbjørn Ramstad. Loddsal til kyrkjelydsarbeidet. Matservering

Søndag 7. april 11.00: Gudsteneste, påskefest, 6. årsbok. Vegard Bondevik Lie, Arild Slinde. Tekstlesar konfirmantane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Skjærtorsdag 18. april kl. 11.00: Gudsteneste. Vegard B. Lie., Arild Slinde, tekstlesar Ingunn Marie Myren, takkoffer til Lyngmo. Kyrkjevert Heidi Fondenes, Kyrkjekaffi

Søndag 5. mai kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste. Andreas Danbolt, Cristina Sandor, Arild Slinde. Tekstlesar Jorunn Merete Haukås-Eide. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjevetar: Anne Marit Venes og Per Henrik Hjelmeseter

Søndag 16.juni kl.11.00: Gudsteneste. 50-årskonfirmantane elles for alle sokna. Vegard Bondevik Lie, Cristina Sandor, Arild Slinde og Heidi Bøtun Skartun. Tekstlesar Sollaug Boge Ølmheim. Takkoffer til Norsk kyrkje i utlandet. Kyrkjevert Anne Marit Venes.

Søndag 18. august kl. 14.30: Felles friluftsgudsteneste for Norum, Stedje og Kaupanger sokn på Fimreite ved Vegard Bondevik Lie. Hallgeir Øgaard Westli spelte. Grendalaget ordna med mat og kaffi.

Søndag 8. september kl. 11.00: Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane. Vegard Bondevik Lie. Tekstlesar Heidi Fondenes. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi og kyrkjevertar, Heidi Fondenes, Rønnaug Dahl, Anna Kristine Lidal

Søndag 29. september kl. 16.00: Vegard B. Lie. Hausifikasjonsfest med utdeling av bok til 4-åringane. Tekstlesar Gunn Haugen. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Servering av frukt og grønt, Agnar Nornes, Rønnaug Dahl, Edith Flatland og Heidi Fondenes

Søndag 3. november Helgemesse kl. 11.00: Vegard B. Lie. Tekstlesar Ingunn Marie Myren. Takkoffer til Redd Barna. Kyrkjekaffi, kyrkjevert Anne Marit Venes

Søndag 8. desember kl. 16.00 Lysmesse ved Vegard Bondevik Lie og konfirmantane. Presentasjon av det nye soknerådet. Takkoffer til Kirkens Bymisjon

Julekonsert søndag 15. desember kl. 16.00: Arrangør Norum songlag, andre medverkande Norane skule og ungdomskorps, Sogndal trekspelklubb, songarar frå Krudlalaget, skulekor frå Norane oppvekstsenter, organist Arild Slinde

Julafta, 24.desember kl.14.30: Julegudsteneste med lekprest Bjørnar Sølsnes. Norum songlag og Norane skule- og ungdomskorps, Aril Slinde. Lesar Jorunn Merete Haukås-Eide. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Det vart inga gudsteneste ved Skriksvatnet, men soknerådet arbeider med å få til ei gudsteneste på Ylvisåker ved den nye gapahuken på draumepllassen. Dette lukkast ikkje i 2019, men arbeidet held fram. Gudstenesta 2. juledag går ut frå preikelista pga. lite oppmøte og vanskeleg tilsettekabal.

Nornes, 28.01.20

Heidi Fondenes (skrivar) og underskrift protokoll

Heidi Fondenes

Gunn Kjersti Bårdgard, underskrift protokoll

Gunn Kjersti Bårdgard